



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 26.03.2013

Vår ref.: 2013/3359

Arkivnr.:

Vindafjord kommune v/Rådmann

5585 Sandeid

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Vindafjord kommune

Vi viser til brev datert 23.01.2013, der Fylkesmannen informerte om statlege tilsyn med kommunane i 2013. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Vindafjord kommune i løpet av våren 2013. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen. **Dato for kontrollen er 02.05.2013.**

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Då forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, har vi i 2013 vald å rette kontrollen hovudsakleg mot kommunar som er store på jordbruk, og som årleg har store tilskotsutbetalingar. Då Vindafjord er ein stor jordbrukskommune har vi vald å trekke ut Vindafjord som ein av kommunane for kontroll i år.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Som tema for kontrollen vil vi å sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. Dette omfattar mellom anna generelt beitetilskot og beitetilskot i utmark, driftsfellesskap og reaksjonar ved avvik. Dessutan handtering av husdyrgjødsla og spreieareal.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje 02.05.13 med følgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte, med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju/gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsamar(ar). I tillegg er det eit ynskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta gjennom heile møtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Anfinn Rosnes møte i tillegg til to sakshandsamarar på produksjonstilskot.

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

—
Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Geir Helge Rygg
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Geir Helge Rygg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 83
E-post: fmroghr@fylkesmannen.no